



Aurland, 26.06.2012

Det kongelige miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
12/463-3

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Ingunn Bårtvedt Skjerdal, 57 64 12 28

Arkiv
K2-K00, K2-K12, K3-
&13

Fråsegn frå Aurland kommune - Verdsarvpolitikk 2012

Aurland kommune har i kommunestyremøte 14.06.2012 vedteke fylgjande fråsegn til verdsarvpolitikken:

14.06.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møte:

Endringsframlegg i 4. strekpunkt i tilrådinga vert enda slik: Buffersoner: med denne merknad: Buffersoner må ikkje setja større begrensingar for utvikling og bruk av områda enn det allereie er.

RØYSTING: Framlegg frå formannskapet: Samrøystes
Endringsframlegg frå Monica Finden: Vedteke mot 2 røyster

KS-097/12 VEDTAK:

Aurland kommune er positive til at det vert arbeida for å få på plass ein nasjonal og heilskapleg politikk for verdsarven i Noreg.

For å ta vare på verdsarvområda i Noreg, oppfordrar Aurland kommune til at det vert arbeida fram gode forvaltningsplanar og handlingsplanar på tvers av sektorar og departement. Heilskapleg nasjonal politikk for verdsarven i Noreg må ikkje leggest fram som ei sektormelding.

Aurland kommune støttar uttale til verdsarvpolitikk frå verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap med innspel til punkt om:

- Identifisering av verdsarven i Norge
- Organisering, aktørar og samarbeid
- Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven
- Buffersoner: Med denne merknad: Buffersoner må ikkje setja større begrensingar for utvikling og bruk av områda enn det allereie er.
- Overvakning og rapportering
- Senter for verdsarven
- Formidling
- Kunnskap og kompetanse
- Skule og utdanning
- Internasjonalt samarbeid

- Verdiskaping

Aurland kommunestyre vil understreka behovet for næringsutvikling i verdsarvområda. Det er viktig å ha fokus på det handlingsrommet innbyggjarar, grunneigarar og næringsliv treng for å driva og skapa næringsverksemd. Næringslivet må delta i samarbeidsorgan og prosjektarbeid.

Konkrete merknadar til dei ulike punkte frå Aurland kommune, kjem elles fram i vurderinga.

.....

Saksutgreiinga følgjer som vedlegg.

Med helsing

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
konsulent

Vedlegg:

J.dato	Tittel
04.06.2012	Verdsarvpolitikk 2012 - høyring

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Lærdal kommune	Pb 83	6886	LÆRDAL
Norddal kommune	Pb 144	6211	
Sekretariatet for Vestnorsk fjordlandskap	Vangen 1	5745	AURLAND
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Stranda kommune	Pb 264	6201	STRANDA
Vik kommune	Pb 134	6891	VIK I SOGN
Voss kommune	Boks 145	5701	VOSS